



Arkivnr: 2014/505-4  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

## Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet

### Samandrag

Fylkeskommunen er ein stor vegeigar med nær 3000 km fylkesveg. Det er også i år utarbeidd ei eiga årsmelding for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen, inkludert drift og vedlikehald på heile fylkesvegnettet, i tillegg vert årsmeldinga for Bergensprogrammet 2016 lagt fram for fylkestinget.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2016 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen 2016 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Årsmelding for Bergensprogrammet 2016
- 2 Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen 2016

## **Fylkesrådmannen, 10.04.2017**

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkeskommunen er ein stor vegeigar med nær 3000 km fylkesveg. Det er også i år utarbeidd ei eiga årsmelding for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen, inkludert drift og vedlikehald på heile fylkesvegnettet, i tillegg vert årsmeldinga for Bergensprogrammet 2016 lagt fram for fylkestinget.

Når det gjeld Årsmeldinga for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen så ynskjer fylkesrådmannen å på nytt peike på utfordringane knytt til omfanget, kostnadane og ressursane knytt til krava sett i Tunnelsikkerhetsforskriften. Det var sett av vel 76,4 mill. kr. til tunellar i 2016, medan det vart nytta vel 36 mill. kr. Fleire av dei tunelltiltaka som var planlagt utført i 2016 kom ikkje i gong, og fylkeskommunen har teke dette særskilt opp med Statens vegvesen. Fylkeskommunen har eit omfattande pålegg på seg, og det er viktig å sikre seg at arbeidet kjem i gang.